

**- Ingen gamal tradisjon**

06.01.2010

**Det er ingen gamal tradisjon at uskedalingane går julebukk på denne dagen, skriv ein lesar til oss. Vedkommande opplyser at dei gjekk dei alltid 13. aften, altså 5. januar.**

**Dette skilte Uskedalen frå dei fleste av nabobygdene.**

Etter kvart vart det til at dei gjekk julebukk både 13. aften og 13. dag.

For å unngå to dagar bestemte FAU for nokre år sidan at julebukkane skulle gå 13. dag, altså 6. januar.

- Det som låg til grunn for den gamle ordning trur eg var naturleg med julaften, nyårsaften og 13. aften, skriv lesaren.